

## Kunstgrasbanen.

02.10.2015



**Det har siste veka vore gjort ein flott innsats på kunstgrasbanen, og det er nok mange som gleder seg til å ta den i bruk. Likevel bør vi venta litt slik Odd Steinar skriv nedanfor. Den er nemleg ikkje heilt klar enno.**

Sjølv om banen allerede no ser flott og innbydande ut, så står det att litt arbeid før den er klar for bruk. På søndag vil vi begynne å leggja i grus og gummi, og vil mest sannsynleg vera klar med dette i løpet av måndag.

Det hadde difor vore fint om alle klarte å halda seg borte frå banen til dess. Vi har full forståing for at det kriblar i mange fotballføter i bygda, vi kjenner det til og med sjølve, men vi håpar at alle klarar å venta eit par dagar til. Vi kjem til å senda ut ei melding på nettsida når det vert fritt fram.

Mvh Odd Steinar

Foto: Espen Eik  
Nett: Thor Inge Døssland